

## Flossvik Veilag

Flossvika, 25. mars 2015

Til: Lindås Kommune  
Areal- og miljøeininga  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Ref.: 14/5524 – 15/3300, Inger Opheim Hindenes

### **Merknader til kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan Fløsvika bustadfelt gbnr. 196/4 m.fl.**

Me visar til kommunens brev av 11. februar 2015 og til at merknader til planframlegget skal sendast kommunen innan 27. mars 2015.

Flossvik Veilag tek omsyn til eigarane av privat veg ned til Flossvika, (angitt som f\_SKV3 i planforslaget). Me har gjennomgått sakspapira og har følgjande merknader:

1. På generelt grunnlag er Flossvik Veilag veldig positive til den pågåande reguleringsplan i Fløsvika. Denne reguleringsplan vil gjera framkome til eigedommane betre vinterstid og tryggare ved fortau. Da einaste ein stille spørsmål til, er om da vil verta tap av sol for eigedommane i Flossvik Veilag.
2. Bebuarane langs vegen ned mot Flossvika har frå gammalt av hatt vederlagsfri rett til å bruka denne delen av vegen ned frå hovudvegen som nå skal rivast. Veglaget medlemmer legg difor til grunn at man vil ha den same vederlagsfrie rett til å bruke den nye offentlige vegen (o\_SKV1). Dette er også avtalt mellom Veglaget og utbygger Fløsvika Utvikling AS v/Kåre Romarheim.
3. For å ikkje skapa forvirring med tanke på nummereringa av den enkelte bustad, foreslår Flossvik Veilag at vegen ned Flossvika, vert kalla Fløsvika vegen. Dette fordi at vegen som no skal rivast, vil gjera at den logiske hus-nummereringa i byggjefelte vert feil, for ein må då passera lågare bustad-nummer, før ein igjen kjem til høgare nummerering. Ved å få nytt vegnamn vil da verta mykje enklare for folk å orientera seg i feltet.

For Flossvik Veilag